



Magnus Håland Sunde

MFA Medium og Materialbasert kunst

Avdeling kunsthåndverk

Kunsthøgskolen i Oslo

01.05.2024

Høy Tid

Oppattering av ein tapt kopling

Innholdsliste:

Side 3,4 - Oikos

Side 4,5,6 - Materia

Side 6,7 - Primstaven

Side 7 - Gjenfortrylla

Side 7,8,9,10,11 - Ljåen

Side 12,13 - Tékhñē

Side 14,15 - Røynsle kringom landskapet

Side 16,17 - Fugleperspektivet

Side 18,19,20,21 - Røynsle kringom åklea

Side 21 - Endringsblindskap

Side 23, 24 – Kjeldevisning



Foto: Anna Margrethe Håland Sunde

Pappa har oss med på lasset. Hesjestaurane og låven i bakgrunnen.

Oikos

Eg kjem frå Tysnes. Det er ein liten øykommune sør for Bergen – rett der Hardangerfjorden breiar seg ut mot havet. For tusen år sidan var Tysnes kalla Niarðarlog. Først i frå den germanske grøderikdomsgudinna Nerthus. Seinare til den norrøne guden Njord med kraft over grøde og fiske. Til slutt til stridsguden Ty, óg i frå norrøn mytologi.

I hundrevis av år har det gått husdyr her på bakkane, og menneska har arbeidd med slåttona og bearbeida jorda. Forfedra mine dreiv hovudsakleg med sauer, men nærleiken til havet gjor òg fiske mogleg. På låven og i heimen ligg det restar av utstyr til jordbruk, men òg til ull- og linbearbeiding. Det ligg igjen som mystiske spor frå ei svunnen tid, og eg er opptatt av korleis desse verktyga knytta oss til, og påverka landskapet sitt økosystem. Ordet «øko» kjem frå det gamalgreske ordet *oikos* som oversettjer seg til heim, hus og miljø.¹

I 2003 var eg med på den siste slåtten på marka vår, og hesjestaurne har ikkje blitt brukt sidan. Då var heile familien med: faren min med långjå, søstera mi med stuttljå, og mor mi og eg rakte med river. Høyet skulle hengjast på hesjestaurne, som er trepålar bitt saman med ståltråd på lange rekkjer. Sidan fleire av bakkane var så bratte var det ikkje godt å komme til med slåmaskin – det var lettare å kutte graset med ljå. Høyet var for at sauane og dei to hestane våre skulle ha mat gjennom vinteren.

I takt med samfunnsutviklinga blei det mindre lønsamt å arbeide med jorda. Familien min slutta med husdyrhald for 20 år sidan, og naboane kvitta seg med sauane i fjor. Resultatet er attvoksing: Brått dukkar det opp ein ung bjørkeskog på dei store heiane. Foreldra mine ringjer naboen og spør om han kan gå over med beitepussaren. Det er ein veldig kraftig type grasklippar.

Det har vore mykje snakk om gjenskoting og attgroing rundt middagsbordet. Gamle stiar opp til sætra er blivne umogleg å finne

¹ Store norske leksikon, «Økologi», av Semb-Johansson, Arne; Hjermann, Dag Øystein; Ratikainen, Irja Ida, 01.05.2024. <https://snl.no/%C3%B8kologi>

at. På beitet er det kome nye artar som tistel, høymole, engsoleie, geitrams, lyssiv, sølvbunke og landøyde. Disse er ikkje husdyra glad i, og nokon av dei er giftige. Ved å slå graset med ljà og slåmaskin klarte me å halde unna desse “ugrasa”.

Landskapet svarar på det vi gjer, det vi ikkje gjer og kva dei meir-enn-menneskelege gjer – alt påverkar kvarandre. Før svidde me graset i byrjinga av april for å fjerne det daude graset og gje plass til nytt gras. Samstundes gav det brente graset næring til jorda. Sauene holdt landskapet reint og åpent, og gav næring til nytt gras gjennom å ete det og gjødsle det. Fjella var meir framkomeleg før, når sauane var der på sumarbeite.

Materia

Materiala eg nyttar har relasjonar til kvarandre. Ordet *materia* kjem frå rota til det latinske ordet *mater* som betyr mor eller opphav.²

² Online etymology dictionary, s.v. «matter», <https://www.etymonline.com/word/matter>
01.05.2024

Materiala utøver ulike roller saman i eit økosystem, ein kultur og i ein historie.

Til Lin,

Eg har dyrka deg i hagen min på Kjelsås i Oslo. Ein kan seie at du er blitt eit år allereie. Far min fortalte meg at besteforeldra mine dyrka deg før verdskrigane, men ikkje etter. Alt på garden måtte være på stell for å kunne dyrke noko så luksuriøst som deg. Det var absolutt ikkje noko kvar ein bonde dyrka. Du treng godt med sol, godt med regn og ei god næringsrik jord. Om det kjem ein kraftig regnskyll, vil dei lange tynne stråa dine bøye seg og føre til kortare fiber. Eg har eit minne om deg, og du har eit minne om det som var. At du har «minne» kan forklarast gjennom å sjå kva som skjer med ei våt linskjorte. Den har kanskje ramlar ned frå klesstativet og tørka i den formen den landa i. Ein tar den på og du er oppstiva og held formen din når du er torr. Du, som eit stoff, har då eit potensial til å være eit slags dokument på noko som har skjedd i ei gitt tid.

Til Ull,

Eg har blitt kjend med farmora mi gjennom det ho har vevd deg inn i. Åkleda der eg kjem frå er laga av deg og Lin og farmor. Åkleda er originalt geometriske, pikselerte og fargerike sengetepper, vovne i billedvevsteknikk, med enkeltslyng for å ikkje ha åpne slirer i millom fargeflatane. Når du var godt brukt vart du hengt på veggane der det var trekk. Soleis isolerte du, og var ikkje berre til pynt. Du er kjend for å halde oss varm og gjennom å gje deg plass til å ete – held du deg varm òg. Du har vært alelam og eg har tatt deg med opp på sumararbeite, sett deg få ny frisyre kvart år, og me har sagt ein siste farvel.

Til Ståltråd,

I karden, i gjerde, millom hesjane, i ullsaksa og i ljåen er du forma inn i. Du er både eit materiale som separerer og held ting saman. Jern frå deg i form av rustne spikrar blei brukt som beisemiddel til plantefarging av garn, og jerngryteformen din vart utnytta til lavfarging.

Både i blodet og i verktyga vår er du med på å endre landskapet du kom i frå. Det skarpe og blanke i deg riv gjennom mjukare materiale og gjev deg ein negativ ladning til død, men og til rettferd og makt.

Til Høy,

Du held på fuktigheiten og du isolerar samstundes. Ein plass for reir, og eit reirmateriale. Du blir klyppt av ljå i morgondugg og lagar plass til andre artar. Insekt kjem til deg, og fuglane kjem til insekta.

Du tørkast og matast til sauane når du ikkje kan gro om vinteren. Du klorar oss og me samlar deg i gulgrønglødane bunter. Me heng deg opp til du er heilt torr og stikker deg attende med høygaffelen. Du overvintrar i låven og folk hoppar i deg når du er svær.

Eg aktiverer materiala eg er vaksen opp med saman med reiskap og bind dei saman. Dei gjer også dette sjølve.

Ein ringdans mellom ull, stål, høy, og lin i ulike formar.

Sauen og jernet er tett knytt opp mot kvarandre. Ståltråden i form av eit gjerde held dei innanfor eit område. Stålpiggar i karden grer ulla. Høyet vært tørka på ståltråden millom hesjestaurne.

Jernsaksa klippar ulla. Genseren varmar slik at du kan gå ut om vinteren og hente høy til sauane. Høyet varmar sauane og ulla varmar mennesket. Landskapet består av fleire lag bunden saman. Du klypp graset med ljå og gjer plass til nye blomar. Insekt kjem til blomane. Fuglane kjem til insekta. Rovfuglane kjem til fuglane.

Primstaven

Sola ser ut til å bevege seg i ein boge over himmelen vår, endå det er eigentleg jorda vår som spinn rundt den. Før i tida brukte bøndene primstaven for å vite kvar ein var i året; ved hjelp av symbol og hakk i ein trekjepp. Fleire av desse symbola var knytt til opprinnelege religiøse høgtider som Olsok, Jonsok, Mariamesse,

men òg til det ein kunne observere ute i naturen – når på våren gauken gol, og kor tid bjørka er utsprungen i mai, til tida bjørnen går i hi.

På primstaven er det to sidar: èin for vinterhalvåret og èin for sumardelen. Ordet “prim” refererer ikkje til brunostpålegget, men er norrønt for nymåne.

Professor i folkloristikk Anne Eriksen meiner at *“I primstaven finner vi den gamle, folkelige tidsforståelsen uttrykt i konkret form.*

Primstaven var en evighetskalender av tre, der hver dag i året hadde sitt merke.³

Akkurat som månesyklusen gjentar seg, såleis som årstida, var folk før i tida opptatt av kva som gjentok seg, ikkje at det kjem eit nytt år med nye ting. Med andre ord: ei syklisk tidsoppfatning. Nymånen med sin skarpe ljåegg forteller at det er komen ein ny månad, der av ordets tidlegare bruk og mening. I min eigen praksis er eg inspirert

³ Eriksen, Anne. «Merkedager og tidsforståelse i norsk folketradisjon». <https://www.mn.uio.no/astro/tjenester/publikum/almanakken/innhold/tema2000.html> 02.02.2024.

av dette reiskapet, til å arbeide meir syklisk. Eg vever om vinteren, sår om våren, høstar og fargar om sumaren, og spinner om hausten. Det er eit mål for meg ikkje berre som kunstnar, men ein måte å kome tettare på mine egne røter som bondegut.

Gjenfortrylla

Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum i Trondheim har ein pågåande samlingsutstilling med den same tittelen. I utstillingsteksten til *Gjenfortryllet* skriv konservator Steffen W. Holden og museumsdirektør Ingrid Lunnan Nødseth om å ta attende vår nærleik til naturen.⁴ Her skriv dei óg om korleis utstillinga har sitt utspring i den Italienske forfattere Silvia Federicis (f. 1942) tankar om å gjenskape ein beundringsverdige verd. Federici er ein feminist og aktivist basert i New York.

⁴Lunnan Nødseth, Ingrid og W. Holden, Steffen. « Gjenfortryllet.» Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum, <https://nkim.no/gjenfortryllet> 23.03.2024.

Ein annan forfattar blir tatt opp i utstillingsteksten, og han har vært opptatt av same sak, men i frå ein annan vinkel. Den tyske sosiologen Max Weber fortel i 1919 at det var blitt eit tap av magi og tru i det moderne samfunnet. I sin siste avhandling hevda han at vitskapleg tenking har tatt over for religiøs og magisk forståing. Denne overgangen frå tru og tradisjon til rasjonelle mål og økonomisk vekst, kalla moderniteten, skildrar ei ny tid med fokus på framtid og rasjonalitet.

Ljåen

I verket *Ljåen* transporterast reiskapet attende til naturen, i eit materiale reiskapet orginalt er laga for å ta vekk. Ljåen er eit reiskap ein brukar til å kutte gras. Den har ein rytme lik veven der ein går att og fram. I veven kjem tråden i ein boge nett slik ljåen halvsirklar ut i frå brukarens eigen kropp.

Den eine byggjer, den andre gjer plass. Ljåen er forsterka med aggressive strå som stikker ut i frå skaftet. Den er dekkja med bivoks som er med på å stive den opp, men som òg tilføyar duft. Eg tenker på alle biene som har pollinert blomane og stråa som Ljåen har kutta ned, som ein forsterking av materiala og korleis dei ikkje kan leve utan kvarandre.

Ljåeggen er laga av papirmasse frå linfiber. Eg har vore inspirert av korleis vepsen lagar sine vepsebol. Prosessen til papirlaging er enkel, men symbolsk. Du klypper i stykker fibra frå graset, nett som Ljåen deler strået, berre i så små bitar du berre kan. På same måte tyggjer vepsen ihjel strå og planter for å lage sin eigen papirmasse. Istaden for å tyggje papirmassen legg eg det i bløyt og bruker ein blender for å få ei jamn røre. Eg formar massen etter ein Ljåeggsjablong i linstoff eg har klypt ut.



To typar Ljå. Foto: Magnus Håland Sunde



Reseda Luteola. Foto av Jim Ridley

Til lingarnet i den vevde delen av verket har eg brukt fargerese da som eg har dyrka sjølv. På latin kallast den *Reseda Luteola* og er ei gamal kulturplante kjent for sin syrlege ljosekte gulfarge. Ei godlukttande plante som tiltrekker humler og sommarfuglar. Den har ei lang historie og hovudfargestoffet *luteolin* er funnen i tekstilar frå myrar i Danmark frå sein jernalder.⁵

Eg vever ljåskaftet på ein digital jacquardvev, ein uttestingsvev brukt i vevindustrien. Eg vever i fleire lag og fyller i opphakka linstrå inn i "lommene". Kontrasten mellom èit og to lag er hardt for veven og er noko som hadde fått ein større industriell maskin til å stoppe opp.

⁵ Vanden Berghe, Ina; Mannering, Ulla; Rimstad, Charlotte. «New dye analyses of Danish Viking Age textiles from Bjerringhøj, Hvilehøj and Hedeby.



Prosessbilete av digital jacquardvev. Eg vever med lingarn farga med reseda og fyller med linstrå frå eigen hage. Foto: Magnus Håland Sunde



Prosessbilete av arbeid med papirmasse og forsterking med linstrå. Foto: Magnus Håland Sunde



Ljåen, digital jacquard vev, tørka linstrå, plantefarga lingarn, bivoks, ståltråd, papirmasse av linfiber. 8 x 120 x 60cm. 2024. foto: Magnus Håland Sunde

⁶ Britannica, T. Editors of Encyclopaedia. « Luddite. » *Encyclopedia Britannica*, 01.03.2024. <https://www.britannica.com/event/Luddite>.

Det tøyer i renningen og grensene for mediet. Fleire trådar ryk og eg må settje inn spiler for å balansere belastninga. Eg arbeider med materiale og teknikkar som ikkje er meint for industrien og trekker trådane i gjerningsretta sabotasje.

Ordet "sabotasje" kjem frå det franske ordet *saboter*, som tyder å øydeleggje med vilje. På 1800-talet vart det brukt i samband med arbeidskonfliktar og protestar rundt dei nye vevmaskinane.

Luddittane, ei gruppe engelske tekstilarbeidarar og handverkarar, er kjende for å ha motsett seg den industrielle revolusjonen og dei nyleg introduserte maskinane.⁶ Luddittane meinte at desse maskinane truga jobbane deira og øydela dei tradisjonelle handverksteknikkane. Som svar på den teknologiske framgangen gjorde dei ofte ting som å øydeleggje maskiner, fabrikkar og annan eigedom knytt til industrialiseringa.

*Når eg vever bøyer innslagstråden seg i ein boge mellom renninga,
likeins ljåen skjerar mellom rot og stråstengel.*

Tékhne

Teknologi er ikkje berre ein del av menneska, men ein del av verda og formar den om på fleire plan. Eg er opptatt av korleis ulike teknologiar formar vår oppleving av verda, og med den, økosystem. Gjennom å ha vakse opp med mi kulturarv i ei tid med enorme samfunnsendringar, vil eg utforske korleis me er knytt til og har vevd oss inn i landskapet. Korleis kan vår teknologi og våre verdiar endre måtane me opplever verda og i det – endre landskapet?

Når eg bruker ordet teknologi tenkjer eg på verktøy og kunnskap til å kunne endre eit materiale. Veving, ljà, linhekling, dyrking, nålefilting, Photoshop og fotografi er nokre døme på dette. På gamalgresk betyr *tékhne*⁷ evne eller kunst.

Den tyske filosofen Martin Heidegger, frå det forrige århundre, skreiv om dette i *The question concerning technology* frå 1954.⁸ Her argumenterer han for at teknologi ikkje berre er ein samling av verktøy eller maskiner, men noko som påverkar måten vi forstår verda på. Han meinte at teknologi har ein djupare essens som

handlar om å avdekke og frambringe noko, og at dette påverkar vår måte å vere i verda på.

Heidegger frykta at teknologien kan leie oss vekk frå ein autentisk forståing av vår eigen tilverkningsprosess og vår rolle i verda.

Augo ser. Ljàen i graset, traktoren over bakken og dataen ein heilt annan stad. Reiskapa lar oss oppleve verden i frå ulike vinklar, nokon som spelar på lag med landskapet og andre som delar det opp i bitar. Slåttelandskapet både minskar og endrast, utan ljàen og dei faste rutinane til bønder og det levande vert landskapet om til noko anna. Ei vindmølle eller eit vassverk hentar ut energien som allereie ligg der, medan ein gravemaskin deler opp landskapet. Det skapar ulik oppleving av landskapet som heilskap og som beståande av separate delar.

⁷ Alnes, Jan Harald, « *techne* » i *Store norske leksikon* på snl.no. 01.05.2024. <https://snl.no/techne>

⁸ Martin Heidegger, « *The Question Concerning Technology and Other Essays* », overs. William Lovitt (Harper & Row, Publishers, Inc. 1977), 12.



Pan Horama, 370 x 150cm, handvevd digital jacquardvev i lin fylt med høy, vaier, 2023. Foto: Magnus Håland Sunde

Røynsle kringom landskapet

I verket *Pan Horama* har eg jobba med korleis vi opplever eit landskap gjennom digital teknologi. Eg tok tre turar med toget i frå Bergen til Oslo med flyttelass før eg byrja på masteren min. På vegen oppdaga eg korleis turistane dokumenterte det flotte fjellandskapet på Hardangervidda: gjennom ein skjerm, og gjennom eit skittent glas i høg fart. Det virka som om dei ville fange heile landskapet. Tittelen kjem frå ordet *panorama* som igjen kjem frå gamalgresk *Pan* – alt, og *Horama* – det heile bilete.

Eg prøvde å gjere likeins med panoramafunksjonen på mobilen min. Resultatet blei eit kryptisk og fragmentert bilete som var långt i frå det landskapet det kom i fra. For meg var det som om eg avslørte teknologien, eller språket bak. Kan ein i det heile tatt forstå landskapet *som det er*?

Pan Horama vært ein refleksjon av naturen gjennom å oppleve den gjennom dei sanslege kvalitetane systematisert av vevteknologien. Møtet millom eigen kulturarv og teknologi skapar ein samansmelting av tid og rom. Dette er mi prøving på å finne ut kva eit landskap kan være og korleis me opplever det hjå ulik teknologi.

I *Pan Horama* prøver eg å gjenskape landskapet sett i frå kamerateknologi. I frå røynda til skjerm og attende til røynda. Eg lar det eg meiner at teknologien ser kome ut i ein vev-relieff. Blandinga mellom det flate og tredimensjonale er for meg ein refleksjon rundt det å oppleve landskapet på i dag. Når eg arbeida med *Pan Horama* fylte eg tomromma med høg. Det var noko med dufta som tok meg attende til barndommen min under slåttan. Det var ein måte for meg å komme nær eit anna landskap eg kjente godt.



Det komprimerte landskapet som var utgangspunktet for verket *Pan*

Horama, 2022. Foto: Magnus Håland Sunde

Fugleperspektivet

Eg ser på heimplassen min på websida *Norge i bilder*. Traktorspora er tydelege frå lufta som små barkbillegangar som spreiar seg rundt og rundt på jordet. Dei er òg lik liner på eit topografisk kart. Desse maskinane er del av landskapet, eg kan sjå det heilt i frå Oslo.

Den amerikanske forskaren og biologen Donna Haraway skriv i artikkelen *Situated Knowledge* at vi bruker desse kamerateknologiane og våre eigne persepsjonsapparat til å tolke omverda ut i frå menneskas biologi og livsform.⁹ Kven sin røyndom? Og kvifor skal alt baserast ut ifrå den menneskelege ståstad? Dette er ein raud tråd som går gjennom tenkingen til Haraway. Ho utfordrar tanken om universell kunnskap og framhevar at all kunnskap er forankra i spesifikke perspektiv og kontekstar. Ho står for ein feministisk epistemologi som verdset subjektivitet og vil integrere fleire perspektiv i kunnskapen. Haraway legg vekt på å omfamne delvise perspektiv, som ho meiner gjev ei meir sannferdig forståing av verda. Det teknologiske kamerablikket har gitt oss mykje makt

⁹ Donna Haraway, « *Situated Knowledge: The Science Question in Feminism and the Privilege of Partial Perspective.* » in *Simians, Cyborgs, and Women: The Reinvention of Nature* (New York: Routledge, 1991), 183-201.

over landskap, men samtidig auka distansen vår til det. Sjølv om eg sitter i Oslo – trehundre kilometer unna Tysnes, prøver eg å nærme meg landskapet eg vaks opp i likevel. Gjennom dyrking av lin knytter eg gamle tradisjonar opp mot ny teknologi. Ei syntese av meg sjølv og reiskapa eg nyttar. Avstanden blir mindre.



Digital skisse, Original flyfoto: Norge i bilder.



Materialtestar i lin, linstrå og bomull, voven på digital jacquardvev, 2024.

Foto: Magnus Håland Sunde

Lin hugsar.

I materialtestane har eg bearbeida flyfoto av jordene heime på Tysnes. Eg vever inn lingarn og linstråa gjer det lik ei stråmatte. Eg klipper ut forma til jordene og legg det i bløyt. Du kan omforme disse materialtestane etter det du vil, og dei tørkar i den forma. Linet hugsar korleis du behandlar det og er eit dokument på kor det har vore. Dette potensialet vil eg utnytte vidare i prosjektet.

Røynsle kringom åklea

I frå hólkorta i jacquardveven i byrjinga av den industrielle revolusjon, til programvara eg skriv denne teksten på – ligg det eit binært språk som knyt det heile saman som eit slektstre. Mangelen på informasjon får både programvara og meg sjølv til å fantasere. Ei lengting etter å bli kjend med slektningar som er umogleg fjes til fjes. Bestemora mi la att fleire åkle ho har vevd. Det er ein måte å bli kjend med ho på, gjennom å arbeide med teppa. Eg er opptatt av kva som er typisk for ei tid, og kva som er tidlaust. Vevteknologien er eldgamal, og det binære språket utvinna frå den finns i all digital teknologi. Eg tenkjer

at eg vever på den same renninga som bestemora mi gjor, sjølv om det er på ein annan vev i ei anna tid. Teknologien bitt oss saman.

I arbeidet *Tapte lag/Layer not found* som er eit enkeltverk eg laga til ein soloutstilling på Osterøy museum, har eg nytta ullgarn frå sauer på Vestlandet og arbeida med naturfarging. Med utgangspunkt i eit åkle bestemora mi har vevd, har eg “vidareutvikla” det med kunstig intelligens. Ein type KI som fokuserer på mønsterattkjenning. Ved å mate inn eit foto av åklede nyttar eg KI til å utvide mønsteret. Møtet skapar noko som kan sjåast ut som kaotisk og uferdig ut og det er nettopp det eg vil forsterke ved å halde opp å veve nokre partiar. Dei åpne renningspartia handlar for meg om distansen til eigen kulturarv, koplinga mellom å arbeide med henda og det å arbeide på skjerm.



*Tapte lag/Layer not found, 60 x 80cm, biletvev, plantefarga ullgarn,
bomull, 2022. Foto: Anette Kristin Nyhaug*



Skanning av ei skisse til eit ruteåkle, 1937, laga av farmor.



Skisse til eit ruteåkle. Digital jacquard vev, ull, lin. 145 x 270cm, 2020.

Foto: Magnus Håland Sunde

I *Skisse til eit ruteåkle* har eg arbeidd med ei skisse farmora mi la igjen i ei bok eg fant. Eg har vore opptatt av korleis rutenettet – eit perfekt system – blir til kaos om ein bryter opp matrisen. Gjennom KI har eg bearbeida mønsteret til å bli til eit stort ruteåkle som originalt starta som ei skisse. Teppe er omforma til binærkode og vevd ut av eit veveri. Det er ein refleksjon rundt korleis tida for tekstilar er i dag, og det handlagde og personlege som vært omforma til potensial for masseproduksjon. Det fortel endå noko om kor “smart” denne kunstige intelligensen er.

Endringsblindskap

Professor i bevaringsbiologi og forfattar Anne Sverdrup-Thygeson fortel oss om fenomenet endringsblindskap.¹⁰ Ho påpeiker korleis vår korte livssyklus og avgrensa hukommelse gjev oss eit feil inntrykk av kor omfattande verda har blitt endra av menneskeleg aktivitet. Referanseramma vår endrar seg over tid, og me kan til og med miste kontakten med endringane i løpet av ein generasjon. Dette kan føre til at me undervurderer dei reelle endringane som skjer i landskapet rundt oss. Eg tenkjer på korleis landskapet der eg kjem frå har vore før i tida. Far min fortalte meg at då han var liten var det veldig lite trær på Tysnes; no er det berre ein stor skog. Men den skogen er planta av menneske for økonomisk vekst. Ikkje for økologisk vekst. Augo våre ser, men dei varer ikkje evig, og dei ser ikkje heile bilete åleine.

¹⁰ Sverdrup-Thygeson, Anne. 2018. «Endringsblindhet.» *Klassekampen*, 05.10.2018. <https://klassekampen.no/utgave/2018-10-05/endringsblindhet> 01.05.2024.



Bilete frå linhøstinga I hagen min i fjor sumar. Foto: Magnus Håland Sunde

Takk til Anne Karin, Line og Franz.

Kjeldevisning

Fotnoter

1. Semb-Johansson, Arne; Hjermann, Dag Øystein; Ratikainen, Irja Ida: *økologi* i *Store norske leksikon* på snl.no. 01.05.2024.
<https://snl.no/%C3%B8kologi>
2. Online etymology dictionary, s.v. « matter. », 01.05.2024.
<https://www.etymonline.com/word/matter>
3. Eriksen, Anne. «Merkedager og tidsforståelse i norsk folketradisjon.» *Almanakken*, 24.01.2011.
<https://www.mn.uio.no/astro/tjenester/publikum/almanakken/innhold/tema2000.html> 02.02.2024.
4. Lunnan Nødseth, Ingrid og W. Holden, Steffen. « Gjenfortryllet.» Nordenfjeldske Kunstindustrimuseum,
<https://nkim.no/gjenfortryllet> 23.03.2024.
5. Vanden Berghe, Ina; Mannering, Ulla; Rimstad, Charlotte. «New dye analyses of Danish Viking Age textiles from Bjerringhøj, Hvilehøj and Hedeby. » *Journal of Archaeological Science: Reports* 49, (2023) 31.03.2024.
<https://www.sciencedirect.com/science/article/pii/S2352409X2301402> / <https://doi.org/10.1016/j.jasrep.2023.103965>
6. Britannica, T. Editors of Encyclopaedia. « Luddite. » *Encyclopedia Britannica*, 01.03.2024.
<https://www.britannica.com/event/Luddite>.
7. Alnes, Jan Harald: « *techne* ». *Store norske leksikon* på snl.no. Hentet 01.05.2024. <https://snl.no/techne>
8. Heidegger, Martin. *The Question Concerning Technology and Other Essays*. Oversatt av William Lovitt. Harper & Row, Publishers, Inc., 1977.
9. Haraway, Donna. "Situated Knowledge: The Science Question in Feminism and the Privilege of Partial Perspective." In *Simians, Cyborgs, and Women: The Reinvention of Nature*, 183-201. New York: Routledge, 1991.
10. Sverdrup-Thygeson, Anne. 2018. «Endringsblindhet.» Klassekampen, 05/10/2018.
<https://klassekampen.no/utgave/2018-10-05/endringsblindhet> 01.05.2024.

Biletreferansar:

Side 9.

Jim Ridley- 23. juni 2023, Bilete brukt uredigert. Lisens: (CC-BY-SA), Bilete er tilgjengeleg på

<https://bs.plantnet.org/image/o/39d47585e3ffcf9d4fbd60d790af9f385e95a1eb> 31.03.24.

Side 16.

Kart over Uggdal, Tysnes tilgjengeleg på

www.norgebilder.no 15.09.2023.